

# Radøy kommune

## Saksframlegg

Saknr	Utval	Type	Dato
062/2017	Kommunestyret i Radøy	PS	07.12.2017

Sakshandsamar	Arkivsaknr.:	Dokumentnr.:
Arthur Kleiveland	17/2354	17/15391

## Vest brann- og redningsregion - ny drøfting

### Saksopplysingar:

Ordførar Jon Askeland melder opp sak om ny drøfting av Vest brann- og redningsregion i kommunestyret. Saka var lagt fram som melding til kommunestyret, for mogleg oppfølging som vedtakssak som neste steg. Ordføraren ser behovet for å få ei avklaring i saka før årsskiftet, og i følgje Kommunelova er det berre kommunestyret som kan endra eige vedtak. Difor blir saka meldt opp som ekstrasak til kommunestyret.

Kommunestyret i Radøy gjorde i møte 26. oktober 2017 (sak 50/2017) følgjande vedtak:

1. *Radøy kommune inngår som medlem i Vest brann- og redningsregion*
2. *Radøy kommune sluttar seg til vedtekten for samarbeidet*
3. *Ordføraren er Radøy kommune sin årsmøterepresentant for gjeldande kommunevalperiode*
4. *Radøy kommune gir Bergensalliansen fullmakt til å velja eit interimsstyre for Vest brann- og redningsregion som skal fungera inntil ordinært styre vert valt av det første ordinære årsmøtet*
5. *Melding om vedtak vert sendt sekretariatet til Bergensalliansen*
6. *Første driftsåret vert det lagt til grunn at budsjettet skal vera på fem millionar kroner. Dei to neste driftsåra skal budsjettet berre justerast for pris- og lønsvekst*
7. *Den økonomiske konsekvensen av å tre inn i samarbeidet vil bli handtert i arbeidet med årsbudsjett og økonomiplan 2018 – 2021.*

Det vart lagt fram felles administrativt framlegg til vedtak til politisk handsaming i både Lindås, Meland og Radøy, der det vart tilrådd at dei tre Alver-kommunane inngår som medlem i Vest brann- og redningsregion.

Lindås kommunestyre gjekk samrøystes i mot å slutta seg til brannsamarbeidet:

### KO - 095/17 VEDTAK:

1. *Lindås kommune ynskjer ikkje å bli medlem i Vest brann- og redningsregion. Kommunestyret ser ikkje at samarbeidet tilfører noko nytt som ikkje allereie er sikra gjennom eksisterande samarbeid.*
2. *Kommunestyret ynskjer å ha fokus på utvikling av brann og beredskap i Nordhordland og inn i ny kommune.*

Meland kommunestyre sa også nei til å gå inn i brannsamarbeidet. Meland kommune er med i felles brannvern med Lindås og Modalen.

### KS - 105/2017 VEDTAK:

*Meland kommune har ikkje høve til å delta i Vest brann- og redning på det noverande tidspunkt. Vi ber om at saka blir drøfta i Fellesnemnda med tanke på at nye Alver kommune kan ha ei tilknyting til brannsamarbeidet også fram til 2020 (t.d. observatørstatus).*

Etter at Lindås og Meland har sagt nei til å vera med i Vest brann- og redningsregion, har rådmannen i samarbeid med ordførar funne det naudsynt å leggja fram saka til drøfting på nytt.

**Formannskapet i Radøy gjorde i sak 077/2017 følgjande vedtak:**

*Radøy kommune har ikkje høve til å delta i Vest brann- og redning på det noverande tidspunkt.  
Formannskapet ber om at saka blir drøfta i Fellesnemnda med tanke på at nye Alver kommune kan ha ei tilknyting til brannsamarbeidet også fram til 2020 (t.d. observatørstatus).  
Vedtaket blir lagt fram for kommunestyret som melding.*

**Kommunestyret i Radøy - 062/2017**

**KS - handsaming:**

Ordførar Jon Askeland sette fram følgjande framlegg til vedtak:

Radøy kommune har ikkje høve til å delta i Vest brann- og redning på det noverande tidspunkt.  
Kommunestyret ber om at saka blir drøfta i Fellesnemnda med tanke på at nye Alver kommune kan ha ei tilknyting til brannsamarbeidet også fram til 2020 (t.d. observatørstatus).

Kommunestyret vedtok samråystes framlegg til vedtak sett fram i møtet.

**KS - vedtak:**

Radøy kommune har ikkje høve til å delta i Vest brann- og redning på det noverande tidspunkt.  
Kommunestyret ber om at saka blir drøfta i Fellesnemnda med tanke på at nye Alver kommune kan ha ei tilknyting til brannsamarbeidet også fram til 2020 (t.d. observatørstatus).